


Lag ei kastemaskin

Du treng


Ti lange ispinnar, ein limpistol, ei papplate, eit AA-batteri, ein strikk, ein stor binders, teip, ei saks, eit sugerøyr, ein grillpinne som får plass inne i sugerøyret, silkepapir, litt sytråd, måleband og oppgåveark.

Framgangsmåte




Stativet

Lim ispinnane saman slik du ser på teikninga. Legg merke til korleis pinnane kryssar kvarandre i toppunktet.




Kastearmen

Sjå på illustrasjonen. Ta ein ny ispinne og teip/lim fast eit AA-batteri nedst på pinnen. Fest så ein bit med sugerøyr med strikk på tvers av den same ispinnen, litt ovanfor batteriet. Brett ut det eine beinet på bindersen og fest bindersen med teip øvst på ispinnen. Stikk ein grillpinne gjennom sugerøyret.



Set kastearmen fast på stativet


Sjå på illustrasjonen. Løft heile kastearmen opp og legg grillpinnen på tvers i dei to toppunkta. Lim grillpinnen fast til stativet med lim. Lim heile stativet fast til ei botnplate.



Framgangsmåte

Krøll saman litt silkepapir og lag små ballar. Lim på ei lita løkke av sytråd slik at du kan henge ballen ytst på bindarpinnen. Dytt bindarpinnen ned mot bordplata med ein finger. Sørg for at papirballen heng på pinnen i løkka si. Slepp så fingeren og sjå kva som skjer!


[Sjå video her](#)



Oppgåveark kastemaskin

Oppdrag

Finn ut korleis kastearmen din bør stillast inn for at papirballen skal bli slyngd lengst mogleg ut i lufta



Sjå til dømes på:

- Kvar er det best å ha sugerøyret på kastearmen?
- Skal sugerøyret skyvast lenger opp, eller heilt ned på ispinnen?
- Kva skjer om du byter til eit større batteri? Korleis bør bindersen sjå ut for å få best kast?
- Bruk måleband og mål kor langt ballen går. Skriv opp resultatata.
- Samanlikn resultatata dine med ein læringsvenn. Kva har de funne ut som er lurt å gjere?

Utprøvingane mine

Innstilling på kastearmen	Lengde
1. Utskyting – innstilling på kastearm etter oppskriften i oppgåva.	
2. Utskyting	
3. Utskyting	
4. Utskyting	
5. Utskyting	
6. Utskyting	
7. Utskyting	

Dette har eg funne ut